



**NB! Før du begynner å lesa, må du vite at dette brevet er
topp hemmeleg og kun må lesast av 3. klassingar,
foreldre eller andre vaksne.**

Me treng deg som tårnagent i Varhaug kyrkje!

Difor ynskjer me alle 3. klassingar velkomne til
Tårnagenthelg i Varhaug kyrkje!

Aspirantmøte og agentopptak laurdag 18. januar kl. 10.00 – 13.00.
Her vil alle aspirantane få delta på ei topp hemmeleg agentopptaksløype
og verta tatt opp som tårnagent i Varhaug kyrkje. Alle agenter vil få utdelt
bevis på at dei er tårnagenter.

Ein tårnagent er ein som bryr seg, hjelper og er god mot andre.

Sundag 19. januar kl. 11.00 vert det familiegudsteneste. Då vil alle
tårnagentar få delta med ulike oppgåver i gudstenesta. Kjekt om alle
foreldre, sysken, familie og kjem på gudstenesta.


Me håpar du har lyst til å vera med. Det kostar ingenting å delta.

Påmeldingsfrist er 14. januar. Påmelding finner de på
www.varhaugkyrkje.no

Helsing – fullt hemmeleg – frå oss i Varhaug kyrkje
Kathrine Håland Varhaug og Turid Bognes

Informasjon til føresette på baksida

Utarbeidd i samarbeid med



STØRST AV ALT





Til føresette:

Me vil at alle barn som ynskjer å delta på Tårnagentane skal få moglegheit til det.

Tårnagentane er heilt gratis, og det er *ope for alle* som går i 3. klasse frå Varhaug, Stokkalandsmarka og Vigrestad.

Invitasjonen om tårnagentane vert berre sendt i posten til dei som er medlemmar i Den norske kyrkja. Av den grunn er det nokre 3. klassingar som ikkje får denne informasjonen i posten. Veit du om nokon som ville hatt informasjon kan du dela dette med dei, eller be dei ta kontakt med kyrjekontoret.

Har din Tårnagent behov for tilrettelegging, eller er det ting me bør vita om i forkant (sosiale behov, sjukdommar eller allergiar), slik at han/ho kan få det så kjekt som mogleg i kyrkja er det fint om de tek kontakt – eller skriv om det i påmeldinga.

For å gjennomføra samlingane treng me mange frivillige gruppeleiarar til agentløypa. Gruppene vil være på 5-7 barn. Kan du tenka deg å være med som frivillig, kryssar du av i påmeldinga. De vil få god informasjon kva de skal gjera på e-post i forkant av samlinga.

På familiegudstenesta på sundagen treng me agentar som vil være med på drama, som forsangere, dansa Bli-med-dansen, lesa bønner og lesa bibeltekster. Dersom de har ein 3. klassing som har lyst å være med på noko av dette krysser de av i påmeldinga. Dei som skal være med på drama og Bli-med-dansen skal øva laurdag 18. januar kl. 13.00. Dei som skal lesa tekster, bønner og være forsangere møter kl. 10.15 på sundagen. Alle agenter, og dei utan oppgåver, møter kl. 10.45. Alle agentane vil få utdelt ei diplom i gudstenesta. Ta med heile familien og kom på ei spanande agentgudsteneste i kyrkja.

Har de spørsmål, er det bare å ta kontakt:
kathrine.varhaug@hakyrkja.no eller tlf. 45 60 42 50.

Med vennleg helsing

Kathrine Håland Varhaug

Turid Boganes

